



OSTERØY KOMMUNE
Rådmann

Nils Myking
Myking sør
5282 LONEVÅG

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkiv: Lonevåg
13/2666-5 JOFO N-, GBN- 03.01.2014
13/24891

**18/2 - MYKING SØR - SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - TILBYGG TIL
VÅNINGSHUS - MELDING OM VEDTAK**

Viser til Dykkar søknad motteke 30.12.2013. Søknaden er no handsama og det er gjort slikt vedtak:

RÅDMANNEN SITT VEDTAK

" I medhald av delegert mynde til rådmannen frå heradsstyret av 14.12.2011 vert det gjort slikt vedtak:

**Søknad om løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande våningshus på gnr. 18, bnr. 2,
Myking sør vert godkjend, jf. plan- og bygningslova §§ 20-2 og 29-4."**

De vert med dette gjort kjend med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 28 og plan- og bygningslova 2008 § 1-9.

Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast til Osterøy kommune. Klagen må grunngjenvæst. Part har høve til dokumentinnsyn, jf. forvaltningslova §§ 18-19.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.


Jostein Førre
Ass.rådmann

Vedlegg: Utskrift frå møteboka.

OSTERØY KOMMUNE

ADMINISTRATIVT VEDTAK

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Delegert vedtak plan- og kommunalteknisk utval	03.01.2014	279/13	JOFO
Saksansvarleg	Arkiv: N-, GBN-Objekt:	Sak ID	
Jostein Førre		13/2666	

18/2 - MYKING SØR - SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - TILBYGG TIL VÅNINGSHUS

Tiltakshavar: Nils Myking, Myking sør, 5282 Lonevåg.
Søknad motteke: 30.12.2013.

RÅDMANNEN SITT VEDTAK

" I medhald av delegert mynde til rådmannen frå heradsstyret av 14.12.2011 vert det gjort slikt vedtak:

Søknad om løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande våningshus på gnr. 18, bnr. 2, Myking sør vert godkjend, jf. plan- og bygningslova §§ 20-2 og 29-4."

FAKTA

Saka vert med vising til heradsstyret sitt vedtak om delegering til rådmannen saksnummer 065/11 av 14.12.2011 handsama administrativt.

Det vert synt til søknad med vedlegg motteke 30.12.2013. Naboar er varsla.

Dersom funn eller konstruksjonar kjem fram i samband med gravearbeid, må arbeidet stansast og ansvarleg kulturminnemynde få melding for ei nærmere granskning på staden, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Dersom det oppstår skade på naturmangfaldet eller fare for slik alvorleg skade som fylge av aktivitetar som er regulert etter Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldslova) skal den ansvarlege så fort som mogeleg varsle mynde etter lova, med mindre faren allereie er hindra eller skaden gjenopprettet, jf. naturmangfaldslova § 65, 2.ledd.

Det må undersøkjast at det ikkje er ureina massar i grunnen som det no vert grave i, jf. forureiningsforskrifta § 2-4.

Ved graving er det tiltakshavar si plikt å undersøkja om det ligg leidningar i grunnen.

Tiltaket må utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Sikringstiltak som nemnt i plan- og bygningslova § 28-2 må etterkomast.

Det skal meldast frå til kommunen når arbeida tek til .

Nytt bygg/tilbygg/påbygg vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkelova.

Før tiltaket vert teke i bruk skal det vera utferda ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10.

I samsvar med plan- og bygningslova § 25-1 skal kommunen føra kontroll med at arbeidet vert utført i samsvar med vedtaket og reglar gitt i eller i medhald av denne lova.

Dersom arbeidet ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gjeve fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Klage:

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 28 og plan- og bygningslova § 1-9.

Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast til Osterøy kommune.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande våningshus på gnr. 18, bnr. 2, Myking sør.

Tiltaket ligg innanfor verneplan Loneelvi. Rådmannen vurderer at tiltaket ikkje kjem i direkte konflikt med vassdraget, men at det må takast særlege omsyn i byggeperioden for å unngå at tiltaket kan føre til reduksjon i vasskvalitet og hindre tilsig av ureina vatn til vassdraget i anleggsperioden, jf. verneplan for vassdrag, Loneelvi.


Ein har ved oppslag i naturbase og artsbanken ikkje funne at det er registrerte prioriterte artar, trua eller nær trua artar, utvalde naturtypar eller trua eller nær trua naturtype på norsk raudliste for artar og naturtypar som rører ved omsøkt område, fr. www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Rådmannen kjenner ikkje til at det finst artar eller naturtypar i det omsøkte området som ikkje er fanga opp av dei nemnde registreringane. Det er difor ikkje påvist mogelege effektar av tiltaket på naturmangfaldet. Sidan tiltaket berre i liten grad rører ved naturmangfaldet og det ikkje er påvist effektar av tiltaket på verdifull natur, legg rådmannen til grunn at dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12 ikkje treng vurderast nærmere.

Søknaden vert godkjend.

Dato for saksutgreiing: 03.01.2014.

Rett utskrift



Dato: 03.01.2014.

Melding til:

Nils Myking